

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest

DATO: 26.09.2018
SAKSHANDSAMAR: Økonomidirektør Ola Rye

SAKA GJELD: Arbeid med budsjett 2019 - prosess

ARKIVSAK:

STYRESAK: 033/18

STYREMØTE: 03.10.2018

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek sak om budsjettprosess for 2019 til orientering.

Oppsummering

Arbeidet med årsbudsjett for 2019 for SAV er i godt gjenge. Denne saka gjev ei orientering om føringar for budsjettarbeidet, budsjettprosessen og aktuelle fokusområder.

Fakta

Mål, fokusområder og prosess for budsjett 2019 bygger på vedtak i Helse Vest RHF styret om Foreløpig inntektsfordeling og resultatkrav 2019 (sak 073/18), Styringsdokument for Sjukehusapoteka Vest (SAV), SAV sin strategiplan og samarbeidsavtale mellom SAV og kvart av Sjukehusføretaka frå mars 2018 samt. Årsbudsjett for 2019 vidarefører vurderingstema frå sist langtidsbudsjettprosess og spissar disse mot aktuelle tema for 2019.

Budsjettprosessen

Budsjettarbeidet for 2019 følger prosessen slik denne er definert i verksemdstyringssystemet SAVvy. Basert på evaluering av fjorårets prosess er det gjort mindre endringar med omsyn til kommunikasjon og informasjonsdeling, der det mellom anna er laga ein ny rapport i Power BI for deling av informasjon med budsjettansvarlige i avdelingane. Ut over dette følger arbeidet i hovudsak same prosess og nyttar same budsjettverktøy (SIM) som tidligare år.

Arbeidet er lagt opp i samsvar med milepælar i budsjettprosessen i Helse Vest. Budsjettet skal vedtakast av styret i SAV 12.12 2018. Arbeidet er forankra i leiargruppene i SAV og følger plan som vist nedanfor;

Ar	2018																				
Mnd	aug			sept				okt				nov				des					
Veke	33	34	35	36	37	38	39	40	41	42	43	44	45	46	47	48	49	50	51	52	
Møtedatoar;																					
Evalueingsmøte budsjettprosess (ble avholdt 02.02.2018)									Haustferie												
Ledermøte SAV		21.08.								16.10.					20.11.						
Drøftingsmøte tillitsvalgte mht budsjett			30.08.									01.11.									
Styremøte styret SAV								04.10.											12.12.		
Aktivitetar / budsjettprosess																					
Utarbeide utkast budsjett (FAD)	17.08.								Haustferie												
Budsjettkonferanse budsjettansvarlige			28.08.																		
Bdusjettmøter avdelinger																					
Kvalitetssikring budsjett (dialogmøter største kunder)																					
Avklaringsmøter med apotek / avdelinger																					
Rapportering;																					
Frist ferdigstillelse ledermøte sak									Haustferie					13.11.							
Frist ferdigstillelse styresak årsbudsjett (inkl presentasjoner)																30.11.					
Frist utsendelse prisnotat 2019 til Sjukehusforetakene																			14.12.		
Frist rapportering til Helse Vest																					31.12.
Andre viktige datoar;																					
Rapportere utkast investeringsbudsjett til FAD						21.9.			Haustferie												
Sentral kompetanseplan ferdigstilt								01.10.													
Lokal kompetanseplan ferdigstilt											20.10.										
Endelig innkjøpsplan 2018 til SIK Div vest																			01.12.		

SAV sitt årsbudsjett vert handsama av styret i Helse Vest som del av konsernbudsjettet i februar 2019.

Resultatkrav 2019

Resultatkravet for SAV for 2019 er fastsett av Helse Vest til kr 7 mill. kroner. Kravet er omtalt i sak til Helse Vest styret den 19.06.2018 (Sak 073/18);


Sjukehusapoteka Vest har med bakgrunn i investeringsprogram og utviklingsprosjekt lagt opp til eit budsjett med eit resultat på om lag kr 7 mill. årleg. Føretaket viser til at det føreslåtte resultatkravet er lågare enn det som låg til grunn i førre langtidsbudsjett, men tilstrekkeleg for å gjennomføre investeringsplanane i perioden.

Budsjett for 2019 legg opp til eit resultat i samsvar med kravet.

Budsjettføresetnader

Budsjett for 2019 legg til grunn føresetnader om lønns- og prisstiging på 2,5 % i samsvar med føringar frå Helse Vest. Helse Vest legg opp til en gjennomsnittleg aktivitetsvekst i regionen på 0,6 % for 2019. Siste åra har vekst i legemiddelkostnaden i sjukehusa vore høgare enn aktivitetsveksten i helsetenestene. Årsaka til dette er mellom anna fleire legemiddel finansiert over H-reseptordninga samt sterk prisauke på fleire nye legemiddel.

Trendanalyse av sal frå SAV til sjukehus i Helse Vest for perioden 2006 til 2017 viser jamn vekst. Den jamne veksten ser ut til å være broten 2017. I følge trenden var det eit forventet varesal på ca. 670 mill. for 2017. Det endelege varesalet vart vel 700 mill. I prognosen for 2018 er det venta varesalet til Helse Vest ca. 760 mill. Venta varesal i 2019 er ca. 820 mill. om ein legg ny trend til grunn (dvs. ein vekst frå 2018 på 7,9 %).



SAV erfarer auka fokus på intern kontroll og kostnadsstyring av legemiddelområdet i sjukehusa. Dette gjeld mellom anna fokus på å etterleve LIS avtaler, vurdere billigaste alternative legemiddel og fokus på reduksjon av bruk av antibiotika. Sjukehusa har og, gjennom det nasjonale samarbeidet om legemiddelstatistikk, fått tilgang på betre statistikk-

verktøy for legemiddelforbruk (SLMK = Sykehusenes legemiddelkostnader). Desse forholda kan være med å dempa veksten i legemiddelkostnadane.

I budsjett for 2019 vil SAV legge til grunn erfaringstal og trendanalyse for volumutvikling fram til utgangen av oktober 2018.

Prisane på legemiddel er regulert gjennom nasjonal apotekavansemodell. I tillegg har samarbeidsavtalen mellom SAV og sjukehusføretaka prismodellar for levering av tenester som bygger på Helse Vest sin modell for prising av tenester til sjølvkost. SAV legg opp til å vidareføre prismodellane for 2019.

Investeringar og utviklingsprosjekt

Langtidsbudsjett 2019-2023 set spesielt fokus på investeringsbehov som følge av ombygging og nybygg av sjukehus, samt behov for ressursar til utvikling og innføring av nye apoteksystem (digital fornying).

For 2019 er det spesielt to byggeprosjekt som er aktuelle;

Apotek Haraldsplass - i samsvar med tidligare inngått intensjonsavtale har SAV starta eit prosjekt for nytt publikumsutsal på HDS. Planlagt opning av apoteket 01.12.2019.

Ombygging av produksjonslokalar i Bergen – prosjektet er tredelt der apoteket planlegg for utviding med nye produkt innan steril produksjon (tidligare produsert hjå Sanivo Pharma AS), oppgraderinga av innreiing (LAF benkar) innan tilsetningsproduksjon samt innleiande vurdering av robotisering av cytostatikaproduksjon.

Innan digital fornying er fleire prosjekt i ei fase i 2019 som tilseier auka ressursbruk;

LIBRA – plan for Libra 2 og innføring av SAP for legemiddelkjeda er ikkje avklara. Basert på erfaring frå m.a. Helse Midt tyder på at arbeidet vert omfattande. Budsjettprosessen i SAV vert nytta til å gjere avklaringar slik at ressursar frå SAV kan planleggast.

Reseptur og butikkdata (RBD) / nytt bransjesystem (EIK) - etter at kontrakt med leverandør (Cgi) vart signert i juli har sjukehusapotekføretaka starta felles nasjonalt prosjekt for utvikling samt at SAV har etablert eit regionalt mottaksprosjekt. Prosjektet vil ha eit viktig grensesnitt mot SAP og LIBRA og må difor samordnast med LIBRA programmet.

Strekkodeprosjektet (FMD) – EU sitt direktiv for falsking (Falsified Medicines Directive) skal implementerast i februar og SAV riggar eit regionalt mottaksprosjekt for innføring av systemstøtte og arbeidsprosessar i apoteka. Prosjektet skal og omfatte korleis apoteka skal støtte sjukehusa ved direktekjøp av enkelte legemiddel.

Produksjonsstøttesystem – etter ein del utfordringar vert prosjektet vidareført med ny anskaffing i hausten 2018. Utvikling av nytt system og integrasjon mot Meona vil vonleg kunne gjennomførast for ein stor del i 2019.

KULE - Ressursar frå SAV er aktivt med i førebuing og oppfølging av innføring av løysing i Meona for legemiddelbestilling til og lagerstyring i sjukehusa. Arbeidet går vidare i 2019.

Ny grossistavtale (G2021) – arbeid med ny grossistavtale er starta gjennom nasjonalt forprosjekt. Ressursar frå SAV må være godt involvert i kravspesifikasjon og føresetnader. Konkurransen må i all hovudsak være gjennomført innan utløpet av 2019.

Gjennom budsjettprosessen skal estimat for ressursbruk i prosjekta kvalitetssikrast. Det mest usikre er kva omlegging til SAP og LIBRA prosessar på legemiddelområdet vil krevje.

Ressursbruken innan digital fornyng tilseier uansett auka samarbeid med HV IKT. I SAV må ein og konkret vurdere om ressursane ein disponerer for IKT drift og drift av kjedekontor er tilstrekkeleg for å greie både drifts- og utviklingsoppgåvene.

Fokusområder i driftsbudsjett 2019

Sjukehusekspedisjon (SHE);

- Trendanalyse legemiddelvolum og sal. Avklare eventuelt konsekvens på sal av ytterligare regionalisering av LIS avtaler.
- Innføring av GDP (Good Distribution Practice) / temperaturkontroll og eventuell konsekvens for transportkostnader
- Arbeidet med gevinstuttak (tilpassing av arbeidsprosesser) frå gjennomførte investeringar automatisering og elektronisk bestilling - krav til produktivitet
- Utvikling (ambisjon) for ASL tenesta og eventuell konsekvens av innføring Meona

Publikumsekspedisjon (PUB):

- Resultatmål og kommersiell ambisjon
- Marknadsføringsplaner og marknadsføringsbudsjett
- Tiltak for å bygge kultur for servicesal

- Tiltak for å auke samhandling med sjukehuspostar
- Varekostprosent - tiltak for å optimalisere varekost (del av produkt med høg margin)
- Produktutval (generika, original, medisinsk forbruksmateriell) og sortiment handelsvarer
- Bemanningsplan og krav til effektive prosessar.

Produksjon (PRO)

- Produksjonsplan – produkt og kapasitet avstemt mot behov i sjukehusa
- Driftsmessige konsekvensar av krav og tilsyn i samsvar med gjeldande regelverk
- Kompetansetiltak (produksjonsfarmasøytar)
- Produktivitetskrav - bemanning tilpassa produksjonsvolum

Sterilproduksjon (avdeling 145)

- Skalering for 2019 inkl. nye produkt (Sanivo)
- Produksjonsplan og kapasitet
- Produktivitetskrav og tilpassing av bemanning produksjonsplan
- Eventuelle synergjar med tilsetningsavdelinga i Bergen
- Vurdere prismodeller (eksisterande og nye varegrupper)

Apotekfaglig rådgjeving (AFT)

- Leveranseplaner og kapasitet 2019 - avstemt mot behov i sjukehusa
- Samhandling og rådgjevingstenester mot kommunar
- Kompetanseheving/ opplæringsplan
- Oppfølging av timeregistrering, administrative koder og avstemming av sals- og bemanningsbudsjett

Kompetanse som drivar for utvikling og innovasjon

Ein viktig del av budsjettprosessen er arbeidet med kompetanseplan for 2019.

Satsingsområda i SAV strategiplan, utviklingsprosjekta og arbeidet med innovasjon tilseier at SAV må vedlikehalde og utvikle ny kompetanse innan dei ulike farmasifaglege fagfelta, teknologi, organisasjons og leiing og merkantile fag. Alle fagfelta spelar i lag men samtidig skal kompetanseplan være retta inn mot dei viktigaste satsingane og gje retning. Målet er at kompetanseplan for SAV skal dekkje dette formålet.

Konklusjon

SAV er i gang med budsjettarbeidet for 2019 i samsvar med føringar frå eigar og strategiske satsingar i føretaket. Arbeidet er lagt opp etter gjeldande arbeidsprosess og avstemt i tid med budsjettarbeidet elles i Helse Vest. Måla og fokusområda for budsjettet er ei vidareføring vurderingstema om drift og utvikling i langtidsbudsjettet, men meir spissa mot aktuelle tiltak og utviklingområder i 2019 .
